



Det kongelige kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Deres ref.:	Vår ref.: 14/00011-002	Vår saksbeh.: Liv Eikås-Homme	Arkivkode: 008	Dato: 30.10.2014
--------------------	----------------------------------	---	--------------------------	----------------------------

STATEN OG DEN NORSK KYRKJE – EIT TYDELEG SKILJE
Kulturdepartementets høyringsnotat 2. september 2014

Høyringsuttale frå Åmli kyrkjelege fellesråd

Viser til brev av 2. september 2014 frå Kulturdepartementet der Åmli kyrkjelege fellesråd inviterast til å gje sitt bidrag til høyringsnotatet «Staten og Den norske kyrkje – eit tydelig skilje»

Åmli kyrkjelege fellesråd har behandla dette, og har følgjande kommentarar:

Generelt

Vårt hovudfokus er den lokale kyrkje med si forankring i dei lokale sokna. Som kyrkjeleg fellesråd med arbeidsgjevaransvar for lokalt tilsette er vi og opptatt av korleis arbeidsgjevar- og arbeidstakarrelasjonene er tenkt løyst.

Åmli kyrkjelege fellesråd er spørjande til hensiktsmessigheten ved fleire av tiltaka. Det leggst mykje energi i midlertidige tiltak som er tenkt å vare i ein relativt kort periode (2017 – 2020).

Nytt rettssubjekt

- Hovudsaken i departementets forslag er at Den norske kyrkje gjennom lov får ein rettsleg sjølvstendig handleevne, slik dei enkelte sokna har det i dag.

Åmli kyrkjelege fellesråd er positiv til at det vert etablert eit sjølvstendig rettssubjekt. Det vil likevel ikkje verte ei avklaring av arbeidsgjevarlinjer og samarbeidet på det lokale plan.

- Departementet forslår å gi rettssubjektet navnet «Den norske kyrkje».

Åmli kyrkjelege fellesråd meiner at dette vil kunne fastlåse ein tradisjonell, sentralistisk oppfatning av at Den norske kyrkje er noko anna enn det lokale sokn.

- Departementet foreslår at Kyrkjemøtet opptre på vegne av det nye rettssubjektet, med høve til delegering til nasjonale eller regionale organ.

Åmli kyrkjelege fellesråd meiner det er greitt at det er Kyrkjerådet som opptre på vegne av rettssubjektet som arbeidsgjevar og forvaltar av rammetilskotet frå staten. Dette kan sikre ein meir heilskapleg arbeidsgjevarpolitikk.

Klageorgan

- Departementet foreslår at det opprettast ei uavhengig klagenemd som skal kunne fatte endelege vedtak i spørsmål om oppseiing, suspensjon og avskil for prester og tilsette i sentrale og regionale organ.

Åmli kyrkjelege fellesråd meiner at departementets forslag kan motverke tidlegare signal om ei samordning av dei ulike gruppene og kyrkjeleg tilsette. Vi meiner at eit lokalt ansvar med høve til å gå vidare til ei uavhengig klagenemnd er formålstjeneleg. Ansvarlege arbeidsgjevarar kan og utifrå arbeidsmiljølova fatte naudsynte disiplinærvedtak på linje med øvrege kyrkjelege tilsette, samt tilsette i både kommunal, fylkeskommunal og privat sektor.

Soknets stilling

- Departementet understreker at endringsforslaga ikkje vil røre sokna og deires sjølvstendige stilling. Oppgåvene som overførast frå staten til Den norske kyrkje vil ikkje medføre endringar for sokna. Kyrkjemøtet vil kunne delegerer oppgåver til nasjonale og regionale organ, men ikkje til soknet.

Åmli kyrkjelege fellesråd meiner det er viktig at soknet videreførast som grunnleggande sjølvstendig eining i Den norske kyrkje. At Den norske kyrkje vert eige rettssubjekt, må ikkje bety at Kyrkjemøtet vert overordna soknet i andre saker enn det som går fram av gjeldande lovverk.

Vi ønskjer at det i denne fasen gjerast forsøk på meir overføring av oppgåver til den lokale kyrkje, på linje med samfunnet elles der fleire oppgåver overførast frå staten til lokale myndigheter. Det er difor ønskeleg med ei avklaring om delegering av ansvar.

- Departementet foreslår å lovfeste soknets rett til å bli betjent av prest.

Åmli kyrkjelege fellesråd bifaller dette, men ønskjer samtidig å gi uttrykk for at soknet ikkje må reduserast til å bli ein passiv mottaker av ei teneste som styrast av sentrale og regionale organ. Vi ber difor om at soknet vert sikra medbestemmelse mot omfang og utvikling av prestenesta.

Prostiråd

- Departementet foreslår å ta vekk paragrafen i kyrjelova som gir adgang til å opprette prostiråd og å avholde prostimøter.

Åmli kyrkjelege fellesråd ser på adgangen som dei lokale sokneråd har hatt til å danne prostiråd til handsaming av felles saker for prostiet som ein styrke for den lokale kyrkje på kommune/prostiplan.

Økonomi


- Departementet foreslår at alle tilskot til kyrkja skal gjevast som eit rammetilskot til Kyrkjemøtet.

Åmli kyrkjelege fellesråd meiner at kommunale tilskot til lokalkyrkja oppretthaldast, samt at tilskot til trusopplæring vert vidareført. Det er sær viktig at desse tilskota justerast ihht løn-og prisvekst. Det er og viktig at tilskot til diakoni og vedlikehald av kyrkjer, bygg m.m. vert inkludera i dette tilskotet. Utfordringa vert likevel å få kommunane til framleis å sjå sitt ansvar for den lokale kyrkja ut frå §15 i Kyrjelova.

Pensjonsordning

- Åmli kyrkjelege fellesråd meiner at dagens pensjonsordning for kyrkja gjennom Statens pensjonskasse må vidareførast som nå.

Vennleg helsing
for Åmli kyrkjelege fellesråd


Liv Eikås-Homme
Kyrkjeverje

Kyrkjeverja i Åmli
Postboks 57
4864 Åmli

Tlf: 37 18 52 71
Mob: 94 16 30 84
Fax: 37 18 52 79

E-post: amli.kyrkje@amli.kommune.no
Heimeside: www.amli.kyrkje.no
Org.nr. 976 992 350
Bankkto: 2821.40.33730